

HaNo - Nytt

September 2009

Årgong 20

Utgjevar: Hovudkomiteen HaNo- dagane

HaNo-Dagane 2009

No er det klart for dei 18. HaNo - dagane.

Denne helga er det nærmare 200 øyingar som er i sving for å få dette kjempearrangementet i hamn. Det er ikkje tvil om at det er tøffare for kvart år å skaffe nok folk til alle oppgåvene. Men skal vi få til noko her ute, er det viktig med ei positiv innstilling. Så klapp deg sjølv på skuldra dersom du er ein av dei svært mange som brukar nokre timar for å skape trivsel for alle andre denne helga!

Messenemnda har jobba for å få standar med rikt utval til alle og einkvar. Vi håper at alle dei og alle dykk blir fornøgde med helga.

Det blir sal av middag, kake og kaffi begge dagane. Som vanleg vil dette smake fortreffeleg.

Programmet

Besøk frå Vietnam

HaNo – dagane startar allereie torsdag 3. september. Då skal HaNo, i samarbeid med Haramsøy skule, Haram kommune og STX, vere vertskap for eit lag med utviklingshemma fotballspelarar frå Vietnam. Dei skal vere i Haram heile veka, før dei skal vere med på ei turnering i Ålesund til helga. Torsdag vert dei altså her ute, og skal besøke skulen på formiddag. Ca kl 17.00 skal nokre av seniorspelarane ha ei fotballøkt med denne gjengen på Nordøy stadion.

Diskotek

Det blir diskotek på Haramsøy samfunnshus på fredag. Dei frå 7-16 år kan danse mellom kl 19.00 - 23.00.

Ungdomskveld

Vi har i år bestemt oss for å ikkje arrangere dans i samband med HaNo – dagane. Det er fleire grunnar til dette. Først og fremst pga av at det er lite kjekt for

dei 17-18 vaktene vi treng. Det er ikkje lett å få nokon til å sette av laurdagen til dette.

For det andre treng vi alle seniorar/foreldre og andre vi har for å få gjennomført dei andre aktivitetane i samband med HaNo-dagane. I staden satsar vi på eit anna tilbod som vi håper fell i smak. Laurdag kl 19.30 – 23.00 arrangerer vi ungdomskveld på Sjøbuda på Austnes. Dette er eit rusfritt arrangement med ulike aktivitetar som vi håper og trur skal verte kjekke. Programmet er ikkje heilt klart i skrivande stund, men karaoke, quiz, ope mesterskap i stein-saks-papir er mellom dei aktivitetane vi har diskutert. Dette er for 9.klassingar og oppover.

Aktivitetar

Det er ei utfordring å kunne behalde dei tradisjonelle HaNo-dagane, men samstundes ha eit snev av fornying. I år har vi hosta opp både kjente og ukjente aktivitetar.

Leikerom med ballborg

Vi fortsett suksessen med leikerom. I år vil det også verte ei ballborg på 3*3 meter å boltre seg i for deu yngste.

Gladiatorkamp

Her kan du utfordre den du vil til gladiatorkamp. Svær støtdempande matte på hele 7,5 meter i diameter, gladiatorstokker og hjelm.

Sumo-bryting

Iført kledelege sumo-drakter vert publikum utfordra til ein noko utradisjonell test av denne japanske sporten.

Barneriding

Laurdag mellom kl 12 og 14, vert det sjanse å ta seg ein ridetur. Er det stor interesse, vil vi også sette opp barneriding på søndag. Det får vi sjå an på laurdagen.

Utescene

I år vil vi rigge opp ei utescene. Der vil det gå føre seg ulike aktivitetar med ujamne mellomrom. Vi kan nemne lokalt band, lokal sangstjerne, danseoppvisning og bygdekamp. Bygdekampen er uhøgtidleg kappestrid mellom representantar for nokre av bygdelaga her ute. Innleiande runder laurdag kl 12.30:

Ulla vs Flem

Austnes vs Longva

Haram vs Rogne

Semifinale og finale på søndag

Kuskitbingo

Ein av aktivitetane vi har stor tru på, er kuskitbingo. Vi veit at bingointeressa er stor her ute, og no altså også i form av kuskit. Reglane er mange og innfløkte, men sjølvve trekninga, eller skitinga om du vil, skal gå føre seg i pausa på damekampen laurdag. Altså ca kl 15.30. Trekninga vert presentert av både kommentator og ekspertkommentator.

Presentasjon av yngres

Vi har lyst å få vise fram alle dei flotte spelarane våre i yngres avdeling. I pausa på herrekampen søndag vil det verte innmarsj og presentasjon av laga. Vi ber alle spelarar, trenarar og oppmenn i yngres om å møte seinast kl 15.30.

Dugnadslyst?

Som sagt er dette utruleg mange som stiller opp for å få HaNo-dagane avvikla. Er du ikkje foreldre eller spelar, men likevel lyst til å hjelpe HaNo med ein 3-timarsdugnad i løpet av helga?

Ta kontakt med oss! Vi har ledige jobbar! Vi set stor pris på hjelp, anten det skulle vere på kjøkenet, som billettør, nattevakt eller noko anna.

Kontakt leiara for hovudkomiteen, Kenneth Ulla, på tlf 41 21 26 98 så skal vi nok bli enige!

Firmastands (pr. 30.08.2009)

Brattvåg Synssenter

Brito Spekemat

Hagels agentur

H-Produkter

Marion Høistad Bergheim (Tupperware)

Motebua

Oddgeir Otterlei

Ole Kjerstad

Polarbad AS

Safe Support

Sparebanken Møre og Terra

Sporten Brattvåg

AKF v/Anders Fjørtoft

Interiørbua

Kaspara Ulla

Seaside Custome

Elbjørg Bjørkvik (bunadsposer, paraplyar mm)

Astrid Riksheim (Antikk)

Arbeiderpartiet (Kun laurdag)

Høgre

FrP

Kr. F.

Senterpartiet (kun laurdag)

Perler på ei snor (Smykker mm)

Margit Haram (kunst)

Oli-Anne Longva (klede)

Olgun Oksavik (kun laurdag) **OBS OBS**

Magne Aakre (foto)

Unni Gudbrandstuen (Perfect Home)

Ove Grytten (kunst, kun søndag)

Haram og Sandøy Fellesforbund

Hausken traktor og maskin

Renate Molnes (scrapbooking, kun laurdag)

LHL (Landsforeninga for hjerte- og lungesyke)

Ålesund Caravan

Naprapatlandslaget (går kanskje an å få testa☺)

COOP Marked Longva

Bente Sæther (handstrikk, pynteting, handlaga nissar mm)

HaNo FK set stor pris på dei som stiller opp med stand på messa vår. Vi oppmodar publikum om å støtte dei både denne helga, og på handleturar ved seinare høve.

Inngong:

Vaksne kr 50,-

Born / pensjonistar kr 20,-



*HaNo FK vil med dette ynskje alle
hjarteleg velkomne til HaNo-dagane*

2009.